


Diskusjonsgrunnlag Planforum 3.9

Det er to saker vi ønskjer å ta opp:

1. Planstart gs-veg langs fv. 484 Vievegen
2. Planlegging og utbygging av Førdepakken generelt

Fv. 484 Vievegen


Jfr. brev av 16. juli har vi meldt planoppstart for dette prosjektet med merknadsfrist 12. september.



Vurderingar vi ønskjer å diskutere er:

KU-plikt. Vi meiner dette er oppfylt i Kommunedelplan Trafikk og i pågåande arbeid med revisjon av kommuneplan for Førde.

Omsynet til verna område ved Sentralsjukehuset. Det verna området inkluderer, jfr. kart, parken rundt sjukehuset, og går heilt opp til fv. 484. Vi planlegg ny gs-veg gjennom det verna området. Vegen må tilpassast det verna området, og vi ønskjer god dialog med rett forvaltningsmynde i dette arbeidet.



Omsynet til flaumareal. I sør ligg eks. veg inn til/i areal for 200-års flaum, jfr. førebelse kart frå NVE som vi brukte ved arbeidet med Kommunedelplan Trafikk:



Omsynet til dyrka mark. Det er dyrka mark langs fv. 484 i sør.

Førdepakken generelt

Ut frå lokale vedtak og vedtak i Sogn og Fjordane fylkesting er det søkt om å opprette ein bompengering rundt Førde sentrum for å byggje manglande veglenkjer i sentrumsområdet og utbetre tilhøva for gåande og syklande. Dei manglande veglenkjene vil m.a. løyse ut sentrale utbyggingsareal og bidra til at fleire kan bu nær Førde sentrum. På sikt vil dette redusere transportbehovet i Førde og bidra til ei positiv sentrumsutvikling. Søknaden vart sendt til Vegdirektoratet i desember 2013. Den er no til handsaming i Samferdselsdepartementet. Vi førebur no vidare planlegging og utbygging i samsvar med bompengesøknaden. Truleg blir det bygging av bomstasjonar og oppstart av utbygging på dei høgast prioriterte tiltaka i 2015.

Kart på neste side viser prioriterte tiltak i søknaden, bomstasjonane er viste med gule prikkar. Alle tiltaka ligg i Kommunedelplan Trafikk og blir tekne inn i revidert kommuneplan. Det finst reguleringsplanar for nokre av tiltaka, men vi må utarbeide reguleringsplanar for dei fleste. Utbygginga er planlagt avslutta ca. i år 2022. Arbeidet med mange av reguleringsplanane vil bli starta opp tidleg i 2015.



Vurderingar vi ønskjer å diskutere er:

KU-plikt. Som for tiltaket langs fv. 484 meiner vi dette er oppfylt i Kommunedelplan Trafikk og i pågåande arbeid med revisjon av kommuneplan for Førde.

Omsynet til flaum og Jølstra/Anga. Det er planlagt 3–4 nye kryssingar av elva, og fleire av tiltaka ligg i flaumsoner ut frå førebelse kart frå NVE.

Prosjekt 10. Det er planlagt ny gs-veg frå nye Hafstad bydel opp mot Vieåsen og Sentralsjukehuset. Denne kan vere konfliktfylt med omsyn til både dyrka mark, naturmiljø langs Jølstra og flaumsoner. Mogleg kryssing av Jølstra er no teikna opp sør for registrert område i EDNA/Naturbase.

Handsaming vidare. Kva tiltak ønskjer ein vidare informasjon/dialog om i Planforum eller med enkelte etatar ut over vanleg handsaming gjennom oppstart og høyring av planar?

Vi er sjølvsagt og opne for andre innspel, både rundt planarbeidet for fv. 484 og når det gjeld vidare planlegging av Førdepakken!

20140818/IH